

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Sak nr :

**S-004/05: BYGDEUTVIKLINGSPROGRAM VALDRES 2005 – 2008  
- SLUTTHANDSAMING ETTER HØYRING**

**R-04/05:**

Bygdeutviklingsstyret gjorde i møtet 3.november 2004 vedtak om å sende ut forslag til Bygdeutviklingsprogram Valdres 2005 – 2008 ut på høyring.

Desse fekk tilsendt høyringsutkast:

<i>Vang kommune</i>	<i>Valdres Forsøksring</i>
<i>Vestre Slidre kommune</i>	<i>Valdres mat -forum</i>
<i>Nord Aurdal kommune</i>	<i>Stølsriket Valdres, v/ Tuv</i>
<i>Øystre Slidre kommune</i>	<i>Løken forskingsstasjon</i>
<i>Etnedal kommune</i>	<i>Fylkesmannen sin landbruksavd.</i>
<i>Sør Aurdal kommune</i>	<i>Fylkeskommunen, næringsseksj.</i>
<i>Bondelaget, 6 lokallag</i>	<i>Innovasjon Norge, Lillehammer</i>
<i>Småbrukarlaget, 6 lokallag</i>	<i>Landbruksdepartementet</i>
<i>Skogeigarlaget, 6 lokallag</i>	<i>Regionråd N. Gudbr.dal</i>
<i>Tine Producentlaga, v/Ken Lund</i>	<i>v/ Reidar Johannesen</i>
<i>Tordenskj.gt. 7, 2821 Gjøvik</i>	<i>Reisetrafikklaget Valdres/Jotun.</i>
<i>Valdres Næringsforum</i>	<i>Elisabeth Mellbye, Innovasjon</i>
<i>Valdres utmarkskontor as</i>	<i>Hans Petter Olsen, SLF</i>
<i>Katarina Sparstad, Innovasjon</i>	<i>Jørund Lunde, Innovasjon</i>

I tillegg har vi distribuert til ei rekkje enkeltpersonar som har teke kontakt for å få tilsendt programmet.

Vi er glad for at bygdeutviklingsprogrammet har vekt stor interesse og svært mange har delteke aktivt i debattar både i kommunestyre, faglag og i lokal-avisa. Fleire av medlemene i Bu – styret og Bu – konsulenten har delteke i ei rekkje møter for å orientere om programmet.

Vi vel i det følgjande å gje att eit stikkordmessig samandrag av innkomne høyringsuttaler, med administrasjonen sin kommentar. Arbeidsutvalet har i møtet onsdag 29.desember gått gjennom alle høyringsuttaler og teke stilling til endringsforslag i programmet.

Fullstendige høyringsuttaler er tilgjengeleg hjå Region Valdres. Høyringsutkastet er tidlegare sendt både til Bygdeutviklingsstyret og til Regionrådet.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

For å få ein samanheng i saksframstillinga ber vi om at den blir samanhalde med høyringsutkastet til Bygdeutviklingsprogram.

#### **Vestre Slidre Kommune** – kommunestyret 09.12.2004

- ✓ Kommunestyret er i hovudsak positive til det framlagde forslag
- ✓ Kommunestyret ynskjer at det vert gjeve tilskot til framføring av straum til stølar med aktiv mjølkeproduksjon.
- ✓ Kommunestyret vil ha 20 % sats for all mjølkeproduksjon (utan stølsdrift), med eit øvre tak for støtte.

#### **Kommentar:**

Tilskot til framføring av straum til aktivt drivne stølar blir vurdert å vera eit positivt tiltak, men vi finn ikkje plass for å føre forslaget vidare i denne omgangen. Vi registrerar eit stort byggebehov og meiner at det vil vera rett å prioritere dette fyrst.

Forslaget om flat sats til all mjølkeproduksjon (utan stølsdrift) kombinert med tak for støtte, vil bli innarbeida i programmet.

#### **Vang Kommune** – kommunestyret 16.12.2004

- ✓ Bygdeutviklingsprogrammet synes å vera eit godt gjennomarbeida dokument.
- ✓ Retta fokus på pelsdyrnæringa, og forslag om investeringstilskot på linje med mjølkeproduksjon, 20%.
- ✓ Bør ikkje knyte investeringstilskot opp til bruk av utmarksbeite og stølsdrift. Dersom dette forslaget vert oppretthalde ber ein om å likestille bruk av utmarksbeite og aktiv bruk av støl.
- ✓ Det bør arbeidast for å få auka tilskotspotten, slik at det blir mogleg å gje tilskot til alle tiltak som kan styrke næringsgrunnlaget på kvart enkelt bruk.

#### **Kommentar:**

Investeringstilskot til pelsdyr har vore gjeve svært låg prioritet dei seinare åra. Pelsdyrnæringa er viktig for oss og vi vil foreslå å prioritere denne med ein 10% sats slik høyringsutkastet legg opp til.

Koplinga mellom storleiken på investeringstilskotet til grovfôrbaserte husdyrproduksjonar og aktiv bruk av utmarksbeite er eit viktig signal. Vi vil foreslå å endre formuleringa til ”8 veker utmarksbeite og eller kombinert med stølsdrift.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

### Etnedal Kommune – kommunestyret

- ✓ Støttar opp om formulerte mål, strategiar og stasingsområde.
- ✓ Stønad til utredningstiltak kan vera viktig for å få til næringsutvikling.
- ✓ Lite heldig å innføre differensierte støttesatsar for investeringar i same produksjon basert på dyre tal og bruk av utmarksbeite / stølsdrift eller ikkje. Ein bør nytte lik prosentvis støtte og elles avgrense med tak på støtte. Som beste alternativ blir det peika på å vidareføre dagens tak på kr. 200.000 for enkeltbruk og kr. 400.000 for samarbeidstiltak. Dette vil gjera at mindre utbyggingar får ein relativt sett større andel stønad.  
Ut over dette støttar ein forslaga til prioriteringskriterium.
- ✓ I ordningar der det er foreslege å prioritere kvinner og ungdom under 35 år, foreslår ein at aldersgrensa skal setjast til 45 år.

#### Kommentar:

Stønad til utredningstiltak blir ivareteke av programmet slik det er formulert.

I saksutgreiinga er det ført mange gode argument for å velja ein flat tilskotsats i mjølkeproduksjonen kombinert med tak. Vi vel å innarbeide dette i programmet. Det er elles så brei oppslutning om differensiering i høve til bruk av utmark, at vi vel å oppretthalde dette forslaget.

Aldersgrensa på 35 år er definert i den sentrale forskrifta.

### Øystre Slidre Kommune – kommunestyret 18.11.2004

- ✓ Kommunestyret ser i hovudtrekk positivt på utkast til bygdeutviklingsprogram, men etterlyser ein enno klarare profil.  
Kommunestyret etterlyser ein enno sterkare vektlegging på husdyrhald basert på bruk av utmarksbeite. Dette bør formulerast både i samandrag, i avsnittet om strategiar og elles i prioriteringskriteria.
- ✓ Bygging av stølsfjøs bør støttast også under kostnadsgrensa på kr. 300.000.
- ✓ Styrke stølsbruket ved å utvide tilskotsgrunnlaget til også å omfatte bruer, ferister, straumforsyning og liknande.
- ✓ Prioritere geitehaldet høgare.
- ✓ Det blir vurdert som positivt at mjølkeproduksjon kombinert med stølsdrift gjev utslag på tilskotsprosent på bygg heime på garden.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Det må klarleggast over kor lang periode ein brukar må forplikte seg til støling og utmarksbeite for å ha rett til auka sats.

- ✓ Det bør vurderast å gje tilskot til småkraftverk.

Kommentar:

Vi ser at programmet på fleire område kunne vore spissa noko meir. I høyringsuttalene er det noko delte meiningar om satsing på utmark, og vi vel å avvente endringar her til ein framtidig rullering av programmet.

Det er naturleg å innarbeide i programmet eit unntak i høve til kostnads-grensa, for stølsfjøs.

Ut frå at det er meldt om eit stort byggebehov, finn vi det naturleg å prioritere dette framfor ei utviding av stønadsgrunnlaget knytt til stølsdrifta. Det same vil gjelde i høve til småkraftverk.

Det må utformast nærare reglar for tildeling av utvida investeringstilskot knytt til bruk av støl og utmarksbeite. Her kan ein seie det slik at vi er meir ute etter signaleffekten enn dei detaljerte reglane. Vi må ha eit system som ikkje krev for mykje kontroll. Søkjar som forpliktar seg til å søkje produksjonstillegg for 8 veker utmarksbeite til ein hovuddel av besetningen bør vera kvalifisert til det ekstra tillegget. Slikt driftsopplegg bør gjennomførast i det minste i dei næraste åra etter investeringa.

Nord Aurdal Kommune – kommunestyret 13.12.2004

- ✓ Kommunestyret støttar utkastet til bygdeutviklingsprogram for Valdres.
- ✓ For investeringsstøtte til Bu – prosjekt vil oppsettet med reduserte maksimalsatsar kunne bli for lite fleksibelt. Utøvar sin dugleik og gjennomføringsevne, og prosjektet sitt nyskapande potensiale, kan bli for lite vektlagt. Satsane bør derfor kunn vera retningsgjevande.
- ✓ Prosjekt med svak lønsemd bør ikkje kvalifisere til ekstra støtte.

Kommentar:

Vi mistar kanskje noko av fleksibiliteten når så mange blir inviterte til å vera med å prioritere tiltak for støtte.

Programmet er heilt klart for dårleg formulert på punkt 4.3, prosjekt med særleg behov grunna svak økonomi i prosjektet. Her har aldri vore meininga å ta inn att det tidlegare ”tilskotet til vanskelegstilte bruk”, som i stor grad vart nytta i samband med refinansiering.

Punktet 4.3 er derimot tenkt brukt nettopp for å få inn noko fleksibilitet i systemet slik at Bu – styret kan støtte opp om prosjekt der søkjar syner sær-

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

leg dugleik og gjennomføringsevne, og prosjektet har eit nyskapande potensiale. Det er naturleg at vi formulerar programmet klarare her.

### **Sør Aurdal Kommune** – Utviklingskomiteen 17.11.2004

- ✓ Det blir peika på behovet for sterk prioritering, ut frå ein avgrensa mengde midlar.
- ✓ Forslaget om satsar for investeringstilskot favoriserar i for stor grad ekstensiv drift og stølsdrift. Mange brukarar i Sør Aurdal har mindre høve til å drive stølsdrift enn lengre nord i Valdres.
- ✓ Innanfor alle tilskotstypar må det leggjast vekt på å prioritere aktivt drivne bruk.

#### Kommentar:

Fokuset på stimulering til bruk av utmark har vekt debatt. Vi vel å formulere oss slik at utmarksbeite og eller stølsdrift vil gje utslag i tilskotssats. Det er naturleg at aktivt drivne bruk har ein høg prioritet.

### **Innovasjon Norge**

- ✓ Mål, strategiar og forslag til prioriteringar er grundig gjennomarbeida og heng godt saman.
- ✓ Visjonen ”lev gøtt i Valdres” er veldig god. Viktig med koplinga til Strategisk plan for Valdres.
- ✓ ”Valdres Stølsriket” ser svært interessant ut og følgjer opp setringa som eit særleg kjennemerke for regionen.
- ✓ Interessant måte å prioritere på, gjennom aktiv bruk av støttesatsane. Det blir elles stilt spørsmål ved formuleringane, slik at ikkje søkjar oppfattar dette slik at han ”automatisk” får den tilskotssatsen som er vedteken. Søkjar må akseptere at fleire sider ved søknaden blir vurdert. Vi må elles finne løysing der det blir søkt for fleire produksjonar med ulik støttesats.
- ✓ Den sentrale forskrifta er endra, og har ikkje lenger tak for kostnad eller tilskot i generasjonsskiftesaker. Her vil vera behov for å innarbeide avgrensingar.
- ✓ I tilleggsnæringsaker med store kostnader er ikkje grensa mellom Bu - ordninga og Innovasjon like klar, etter at den sentrale forskrifta vart endra. I punkt 4.2 under investeringar som ikkje blir prioriterte, må vi endre formuleringa.
- ✓ Innovasjon ynskjer lykke til med arbeidet og håpar på eit framhald i det gode samarbeidet.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Kommentar:

Det er naturleg at vi innarbeidar avgrensingar i ordninga med tilskot ved generasjonsskifte. Innovasjon avgrensar med maksimal kostnad kr. 500.000 og tilskotsprosent inntil 40 % for alle søkjarar. Dette kan vera greitt nok også i Valdres.

Vi vil elles finne fram til ein betre formulering på avgrensingane mellom den lokale Bu – ordninga og Innovasjon, i litt tyngre tilleggsnæringsaker.

Valdres Forsøksring – Styret ved styreleiar

- √ Forsøksringen listar opp ei rekkje suksessfaktorar for Bu – ordninga
- √ Styret meiner at Bu – styret kan reduserast til fem personar
- √ Viktig å gje positive signal til dei som vil bygge til meir enn 30 kyr. Bruk flat sats til alle kombinert med tak for tilskot.
- √ Ynskjer ikkje å kople investeringstilskotet til ei satsing på støl og utmark.
- √ Foreslår tilskotssatsar slik: 20 % mjølk, 20% sau, 10% gris, 15% storfekjøtt, 10% pelsdyr, 25% stølsfjøs, 15% potet og grønsaklager, 20% lokal foredling, 15% utleigehytte og 15% tilleggsnæringsaker
- √ Ved betra tilgang til midlar ynskjer ein å nytte 30 % sats i mjølkeproduksjonen.
- √ Forsøksringen ser konflikt mellom lokal byggeskikk og ”billege” hall – løysingar. Forslag om eit ekstra tilskot 2 – 5 % til bygg som er tilpassa lokal byggeskikk.

Kommentar:

Forslaget om flat sats for mjølkeproduksjon kombinert med tak for tilskotet vil bli innarbeida i programmet.

Koplinga mellom investeringstilskot og ei satsing på støl / utmarksbeite har fått slik oppslutning i høyringsrunden at vi vel å foreslå denne vidare.

Ekstra tilskot som kan stimulere lokal byggeskikk er eit bra innspel, som bør vurderast på nytt i ein situasjon med romslegare rammer.

Bondelaga i Valdres – fellesuttale frå alle laga

- √ Bondelaga er tilfreds med eit fyldig program og ein brei høyringsrunde.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

- √ Stiller spørsmål ved om det er rett at ordførarane har fleirtal i Bu – styret.
- √ Bondelaga er urolege for at ikkje fleire signaliserar ynskje om å investere utover 2 millionar kroner.
- √ Der det ligg til rette for det bør aktive bønder få høve til å kjøpe tilleggsjord ved at tunet på naboeigedom blir skild ut som bustadeigedom.
- √ Det er viktig å ta vare på og stimulere til utmarksbeite og stølsdrift, men det blir feil å stimulere til dette på kostnad av innmark og innmarksbeite nede i bygda.
- √ Avslag planer p.g.a. dårleg lønnsemd, bør handterast av Bu - styret
- √ Lik tilskotssats til all mjølkeproduksjon, avgrensa til 20 %, og med øvre tak for tildeling av tilskot. Dette må praktiserast slik at mange skal få nytte av støtteordningane.
- √ Forslag om ny støtteordning til sæl på støl med aktiv drift i over 6 veker.
- √ Forslag til satsar 20 % mjølkeproduksjon, 10 % gris, 20 % sau, 15 % storfekjøtt, 20 % pelsdyr, 10 % lager potet og grønsaker, 20 % lokal foredling og tilleggsnæringar generelt.

### **Kommentar:**

Vurdering av driftsplan til søker er ein naturleg del av sakshandsaminga. Søknadar som ligg i grenseland til regelverket vil det bli teke stilling til gjennom vedtak i Bu – styret.

Ut frå dagens situasjon er det neppe nokon stor konflikt mellom bruk av innmarksbeite og utmarksbeite. Det er langt fram før bruk av utmarksbeite vil konkurrere ut innmarksbeiteareala.

Vi merkar oss at mange bør få tilgang til støtteordningane og vil omarbeide programmet slik at vi nyttar lik % sats for alle med mjølkeproduksjon (utan utmarksbeite), og elles avgrensar med tak på tilskotet. Dette vil gje ein vesentleg betre utteljing for dei mindre prosjekta.

Tilskot til sæl på støl i aktiv drift er bra tiltak, men vi finn det vanskeleg å prioritere så lenge byggebehovet elles er så stort.

### **Regionstyret for Småbrukarlaga i Valdres** – felles uttale alle laga

- √ Viktig at tilhøva no blir lagt til rette for å oppretthalde flest moglege av dei bruk vi har att i Valdres.
- √ Viktig å satse på samarbeid, mangfald og mangesysleri.
- √ Ei sterk vektlegging på å nytte lokale ressursar og dei fôrtrinn vi har, vil stå sentralt. ”Industrivegen” høver ikkje for oss.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

- √ Bygdeutviklingsprogrammet vil vera ei god rettesnor for arbeidet med å utvikle Valdreslandbruket. Programmet har mål og vegval som er viktige.
- √ Grensa som blir lagt til grunn for investeringsbehov må setjast lågare enn dei føreslegne kr 250.000

Kommentar:

Prosjekt som kvalifiserar til støtte skal normalt ha ein minste kostnadsramme på kr. 300.000,-. Vi vil foreslå at det blir unntak frå dette kravet, ved at nødvendige investeringar i samband med krav i forskrift og elles stølsfjøs kan støttast også der det er nødvendig med mindre investeringar.

Produsentlaga i Tine – fellesuttale fem produsentlag

- √ Produsentlaga vurderar dagens investeringsnivå og meldte planer for investeringar, som utvida vedlikehald, og ikkje som signal om optimisme i næringa.
- √ Bygdeutviklingsprogrammet ber meir preg av ynskje om konservering av dagens struktur i Valdres – landbruket enn ei satsing.
- √ Investeringstilskotet til mjølkeproduksjonen bør vera likt til alle bruksstorleikar og bør vera minimum 25 % av godkjent kostnadsoverslag.
- √ Dagens tilskotsramme til mjølkeproduksjon er svært liten i høve til det verkelege behovet.
- √ Investeringstilskotet bør ikkje knytast opp mot bruk av utmarksbeite / stølsdrift.
- √ Ei av dei store utfordringane framover blir å ivareta kulturlandskapet og hindre attgroing av innmarksareala. Det blir derfor viktig at vi legg til rette for at bønder i framtida vil satse på eit aktivt husdyrhald med mangfald i storleikar, driftsformer og kombinasjonar med tilleggsnæringar.

Kommentar:

Bygdeutviklingsprogrammet gjev heilt klare signal om behov for strukturendringar. Dette er ein av dei to viktige nøklane til ein betra økonomi i næringa. Produsentlaga vel å kalle dette eit ynskje om konservering, og foreslår ein minimum tilskotsprosent med 25 % til alle bruksstorleikar i mjølkeproduksjonen. Produsentlaga er klar over ein svært avgrensa tilgang til midlar og er slik klar over at ein flat tilskotssats til alle prosjekt fordrar bruk av tak på tilskot.

sign.

Utskrift sendt til



Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Ut frå ein samla vurdering av høyringa vil vi foreslå lik % sats til mjølkeproduksjon uavhengig av bruksstorleik, samtidig som vi foreslår eit tak på støtte pr. bruk.

Vi kan ikkje sjå at situasjonen er slik i dag at bruk av utmarksbeite konkurrerer ut bruken av innmarksareal.

#### **Valdres Matforum** – styremøte 20.12.04

- √ Marknaden får større innverknad på inntektsdanninga for næringsdrivande i primærnæringane.
- √ I kva marknadssegment kan våre produkt klare seg i den framtidige konkurransen?
- √ Opplevingsmarknaden (lokal mat og ulike aktivitetar) aukar sterkt. Her vil dyrking av ”særpreg” stå sentralt. Tradisjonell bruk av støl og utmark er mellom våre viktigaste særpreg.
- √ Styret ser positivt på prioriteringa av støling og bruk av utmark, som pregar forslaget til regelverk for Bu – ordninga i Valdres. Dei nye reglane vil bli eit viktig verkty i arbeidet med å skape inntekter og framtid - tru for primærnæringa og andre næringar i Valdres.

Kommentar:

Uttalen fordrar ingen endringar i programmet.

#### **Løken forskingsstasjon** – Norsk Institutt for planteforskning

- √ Bygdeutviklingsprogrammet set rett søkjelys på utfordringane og det er lagt stor vekt på omstilling og nyskaping.
- √ Det må leggest større vekt på forskning og utviklingsarbeid. Konkret forslag om å setje av 5 – 10 % av midlane til FOU tiltak. Oppbygging av kompetanse lokalt er viktig. Midlane må nyttast slik at dei kan løyse ut fleire sentrale midlar.
- √ Planteforsk Løken inviterar til eit samarbeide.

Kommentar:

Det vil vera naturleg å arbeide meir med planer for FOU tiltak. Desse må konkretiserast meir i samband med ein rullering av planen og bli ein naturleg del av både strategiar og tiltaksdel.

#### **Valdres Pelsdyravslag** – samarbeide med Norges Pelsdyravslag

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

- √ Pelsdyrnæringa er viktig for mange oppdrettarar i Valdres. Her er elles stort potensiale for utvikling.
- √ Forslag om tilskot til opprusting og bygningsmessige endringar for å tilpasse til nytt regelverk.
- √ Produksjonsutviding til eksisterande produsentar.
- √ Nystarting av rev og mink.
- √ Det er viktig at alle prosjekt som kjem frå pelsdyrnæringa blir vurdert grundig med omsyn til lønsemd. Det er viktig at søkjarens samla økonomiske situasjon blir vurdert. Vi ynskjer ikkje døgnfluger i næringa, men produsentar som tek aktivt del slik at pelsdyrmiljøet i Valdres kan blomstre også i framtida.

Kommentar:

Uttalen fordrar ingen endringar i programforslaget.

Jørand Ødegård Lunde – fylkesrepresentant i Innovasjons styret

- √ Høyringsdokumentet er eit solid stykke arbeid, dokumentet er godt oppbygd.
- √ Stiller spørsmål ved om differensiering av støttenivået i mjølkeproduksjonen er rett ut frå målsetjinga.
- √ Stort behov for å ha toppavgrensing på tilskot for å unngå at nokon få prosjekt et opp heile tilskotspotten.

Kommentar:

Vi vil foreslå å nytte flatt tilskotsprosent til mjølkeproduksjon kombinert med tak for tilskot. Jfr. Tidlegare kommentar omkring tillegg for utmarksbeite.

Elisabeth Mellbye – NHO sin representant i Innovasjons styret

- √ Fyldig og grundig høyringsutkast til Bygdeutviklingsprogram, gjennomtenkt og god.
- √ Korleis skal vi greie å endre kulturen og få innovativ og knoppskytande tenking. Foredrag, ide møter, turar?
- √ Utfordring å få fram produkt ut over servering. Vi treng aktivitetar, gjerne i form av å ta del i tradisjonelt arbeide.
- √ Viktig å vera tydeleg på kva landbruket i Valdres vil, som ikkje andre vil eller kan. Vi må våge å gjera nokon val og flagge desse.

Kommentar:

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Vi har fleire utfordringar framfor oss. Uttalen fordrar ingen endringar i programmet.

### **Viken skog Region Valdres** – felles uttale skogeiger laga

- √ Skogbruket burde få ein større plass i Bygdeutviklingsprogrammet. Bu – programmet må stimulere til innovasjon og utvikling av nye produkt og bedrifter basert på skog, tre og materialkunnskap. Det ligg eit stort utviklingspotensiale i stein og andre naturråstoff.
- √ Naturbasert reiseliv må ha ein sterk plass i bu – programmet.
- √ Valdres har mykje råstoff som kan nyttast som bioenergi.
- √ Småkraftverk kan bli ei stor næring i Valdres.
- √ Skogeigarlaga er glad for at Bu – programmet også legg opp til å støtte større utbyggingar i jordbruket.
- √ Konkret foreslår skogeigarlaga 50 % støtte til prosjektering av foredlingsanlegg, naturbasert turisme, småkraftverk og bioenergi anlegg. Alt avgrensa oppover til kr. 200.000 pr. prosjekt.
- √ Vidare ber ein om at ”stølsrike” som merkevarenamn blir endra.

#### Kommentar:

Dei fleste enkelt næringer ynskjer meir fokus og meir plass i Bygdeutviklingsprogrammet. Vi får vurdere kva dette kan bli til gjennom seinare revisjonar, men det er kanskje eit mål å unngå at dokumentet blir alt for omfattande.

Dei fleste forslaga her ligg inne i programmet allereie. Prosjektering av småkraftverk har så langt ikkje vore prioritert, med bakgrunn i at det ikkje medfører særleg grad av sysselsetjing.

Vi oppfattar ”stølsriket” som ein arbeidstittel på eit forprosjekt som har vore i gang siste året. Dei ulike aktørar som vil bygge felles merkevarenamn må vel ta stilling til kva for merkevarenamn som er mest tenleg for formålet.

#### **Reisemål Valdres og Jotunheimen** –

- √ Nyskaping i ulike former i landbruket gjev grunn til optimisme i reiselivet.
- √ Interessant å sjå at kulturlandskapet står i fokus.
- √ Landbruket har dei ekte produkta som blir meir og meir etterspurde.
- √ ”Valdres Stølsriket” er ein god start på vidareutvikling av natur og kulturbaserte tiltak.
- √ Landbruk og reiseliv er i same reelle situasjon.
- √ Programmet gjev svært gode signal om ei utvikling for landbruket som og styrkar trua på eit framtidig godt samarbeide.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Kommentar:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i forslaget til program.

**Valdres Næringsforum BA –**

- √ Næringsforumet poengterar at faglaga i landbruket og stiller seg bak denne uttalen.
- √ Bu – midla må forvaltast slik at dei utløyser størst verdiskaping og flest mogleg arbeidsplassar.
- √ Forumet har tru på ideen og konseptet ”Stølsriket”, men uttrykket er for smalt til å fungere som merkevare for Valdres. Bu – midla bør ikkje knytast så sterkt til Stølsriket Valdres.
- √ Det blir hevda at det ikkje er rett å prioritere satsing på stølsdrift og ekstensivt utmarksbeite på kostnad av satsing på innmark og innmarksbeite i bygda.
- √ Skogbruk og bioenergi må sterkare i fokus i programmet.
- √ Naturbasert reiseliv, naturråstoff og småkraftverk må få ein sterkare fokus.
- √ Landbruksnæringa må få ein meir sentral plass i forvaltningsorganet.

Kommentar:

Dei fleste enkelt næringar ynskjer meir fokus og meir plass i Bygdeutviklingsprogrammet. Vi får vurdere kva dette kan bli til gjennom seinare revisjonar, men det er kanskje eit mål å unngå at dokumentet blir alt for omfattande.

Dei fleste forslaga her ligg inne i programmet allereie. Prosjektering av småkraftverk har så langt ikkje vore prioritert, med bakgrunn i at det ikkje medfører særleg grad av sysselsetjing.

Vi oppfattar ”stølsriket” som ein arbeidstittel på eit forprosjekt som har vore i gang siste året. Dei ulike aktørar som vil bygge felles merkevarenamn må vel ta stilling til kva for merkevarenamn som er mest tenleg for formålet.

**Vurdering:**

Bygdeutviklingsprogrammet har gjennomgåande fått ein positiv mottaking hjå høyringsinstansar. Vi ser at det er noko varierende oppfatning av ulike prioriteringar.

Arbeidsutvalet har drøfta gjennom dei ulike innspel og ein del av dei er føreslege teke inn i forslaget til program. Alle desse er endringar i programets kapitel 4.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Vi vurderar det slik at det vil vera enklast å få oversikt over endringar ved å gje att ein fullstendig oversikt over kapittel 4. Her er også sett inn ny tekst i høve til forslag til endringar i den sentrale forskrifta. Denne er så langt vi er kjende med det, ikkje endeleg vedteken, og det kan slik bli nødvendig med ytterlegare endringar.

## 4 PRIORITERINGSKRITERIUM

### 4.1 Bu forskriftene (lokale vedtekter for Valdres) (sentral forskrift er under revisjon, og vi må tilpasse til denne når den er endeleg vedteken)

#### 4.1.1 Formål

*Formålet med forskriften er å legge til rette for næringsutvikling som danner grunnlag for langsiktig , lønnsom verdiskaping og desentralisert bo-setting med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseiendommen spesielt.*

### 4.2 Bruken av ulike tiltak

#### Utrednings- og tilretteleggingstiltak

1. *Utrednings- og tilretteleggingstiltak:* Det kan gis tilskudd til utviklings- og tilretteleggingstiltak med inntil 75% av godkjent kostnadsoverslag.

Praksis vil her vera at svært få tiltak kvalifiserar til stønad ut over 50 % av samla kostnader i prosjektet. Søknaden må bygge på eit nøkternt kostnadsbudsjett.

#### **Praktikantordning**

6. *Praktikantordning:* Det kan gis tilskudd til inntil 60% av foretakets kostnader til dekning av arbeidsgiveravgift, yrkesskadeforsikring, lønn til praktikant tilsvarende 65% av lønnstrinn 1 i Statens regulativ og feriepengar i forhold til dette. Praksisvertens egenandel

er på 40%. I tillegg kan faktiske dokumenterte utgifter til barnepass samt kursutgifter dekkes. Praksis på egen, foreldres eller svigerforeldres gård kommer ikke inn under ordningen.

Ordninga vil bli prioritert nytta der søknaden går på å rekruttere ungdom mellom 16 og 30 år, til tradisjonell landbruksnæring, eller som

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

praksis for landbruksrelatert utdanning. Praksisperiode vil kunne vera inntil 12 mnd.

### **Bedriftsretta utviklingstiltak**

*Det kan gis tilskudd til bedriftsretta utviklingstiltak til andre produksjoner enn tradisjonelt landbruk.*

### **Etablererstipend**

2. *Etablererstipend:* Det kan gis stipend til å forberede og etablere ny virksomhet med ekspansjonsmuligheter på inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag.

Praksis vil her vera at svært få tiltak kvalifiserar til stønad ut over 50 % av samla kostnadar i prosjektet. Søknaden må bygge på eit nøkternt kostnadsbudsjett. Investeringar kan inngå i budsjettet innafor ein ramme på kr. 100.000,-. Etablererstipendet kan gjevast med inntil kr. 400.000 pr. prosjekt.

### **Bedriftsutvikling**

3. *Bedriftsutvikling:* Det kan gis tilskudd til tiltak innen produktutvikling, kompetansebygging, markedsundersøkelser, testsalg, nettverksbygging, markedsføring av nye produkter og lignende med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag. For personer under 35 år og kvinner kan tilskuddet gis med inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag.

Praksis vil her vera at svært få tiltak kvalifiserar til stønad ut over 50 % av samla kostnadar i prosjektet. Søknaden må bygge på eit nøkternt kostnadsbudsjett.

Kvinner og ungdom vil bli gjeve prioritet.

### **Investeringer**

#### **Generelt om investeringar**

4. *Investeringer:*
- Det kan gis tilskudd til investeringar i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr av varig karakter med inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Det kan gis tilskudd i form av reduksjon i avtalt rentenivå på investeringslån som primært er tatt opp i det private lånemarkedet. Rentestøtten utgjør 50% av renten på tre års statsobligasjoner. Rentestøtte beregnes ut fra foregående års rente og kan maksimalt utgjøre 5 prosentpoeng.

Dersom et anlegg er anskaffet ved leasing eller annen leie, kan det ikke gis tilskudd eller rentestøtte.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

**Investeringsstilskot vil bli prioritert til investeringar i bygningar, faste anlegg og fastmontert produksjonsutstyr. Tilskot kan gjevast inntil den prosentsats som går fram av lista nedanfor. Det vil vera fleire kriterium som skal vurderast før søknaden blir prioritert jfr. krav til søknad.**

**Vi legg til grunn eit investeringsbehov i tradisjonelt landbruk som er høgare enn kr. 300.000. Og tilsvarande for tilleggsnæringar kr. 70.000 – 100.000. Her vil vi gjera unntak for investeringar i samband med krav i forskrift og for investeringar i stølsfjøs. Ti desse to tiltaka kan vi akseptere ein mindre kostnadsramme.**

**Maksimalt tilskot til enkeltbruk kan vera opp til kr. 250.000. Og tilsvarande for samarbeidsløysingar (aktiv deltakar) opp til kr. 500.000.**

**Det blir vidare gjort frådrag for tilskot til investeringar og rentestøtte til investeringar over Bu – ordninga dei siste fem åra.**

- 20 % mjølkeproduksjon,
  - 25 % mjølkeproduksjon, med 8 veker utmarksbeite og eller kombinert med stølsdrift.
  - Her må søkjar forplikte seg til å legge opp drifta slik at han søker produksjonstillegg for 8 veker utmarksbeite til ein hovuddel av besetningen. Slikt driftsopplegg må gjennomførast i det minste dei næraste åra etter investeringa.
- 10 % gris, her vil vi prioritere smågrisproduksjon, kombinert produksjon og eller produksjon som tek sikte på å forsyne lokal foredling med lokalt råstoff.
- 25 % mjølkeproduksjon på geit
- 25 % sau
- 25 % ammeku med bruk av utmarksbeite i 8 veker.
- 10 % ammeku
- 25 % kastrat og kvigeoppdrett med bruk av utmarksbeite i 8 veker
- 10 % oppforing av okseslakt
- 10 % pelsdyr
- 25 % fjøs på støl, her er tilskotet avgrensa oppover til maksimalt kr. 100.000,-
- 15 % lager for lokalt produsert potet og grønsaker, der avsetningskanal er definert og dokumentert
- 25 % lokal foredling av matvarer frå lokalt råstoff

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

10 % utleiehytte eller istandsetjing av støl for utleige, der det samtidig er organisert eit tilbod som gjev meir sysselsetting enn berre ein passiv utleige.

20 % øvrige tilleggsnæringar

### **Rentestøtteordninga**

Vi kan løyve rentestøtte i samband med låneopptak til alle investeringar som elles blir prioriterte for investeringstilskot, og som har samla kostnadsramme på minst kr. 800.000.

Investeringstilskot gjeve etter ordninga med generasjonsskifte kan ikkje kombinerast med rentestøtte.

Ved utmåling av rentestøtte vil vi i ein ordinær investeringssak kunne gje rentestøtte til eit lån som utgjer opp til 50 % av godkjende kostnader. Maksimalt lån kan utgjera kr. 1.500.000, tilsvarande ein godkjent kostnad på kr. 3.000.000.

### **Investeringar som ikkje blir prioriterte for investeringstilskot:**

- Kjøp Tilleggsareal.
- Kraftfôrbaserte produksjonar utanom smågris og komb. Gris.
- Reiskapshus, garasje, gardsverkstad og liknande.
- Korntørke.
- Småkraftverk.
- Hytteutleige organisert som passiv utleige.
- Ordinær varehandel.
- Servicenæring som rørleggar, elektrikar, snikkar o.l.
- Frie yrke.
- Traktor med reiskap, bilar og anna rullande materiell.
- Investeringar i tilleggsnæringar med kostnadsramme som blir vurdert å vera for høg til å takle med lokalt forvalta Bu – midlar. Tidlegare praksis har vore å avgrense ved om lag 2 mill. kroner. I slike saker vil det vera naturleg

sign.

Utskrift sendt til



Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

å etablere ein dialog med Innovasjon Norge for å sjå om saka kan passe i det systemet.

- Produksjonsomfang blir vurdert ikkje å vera framtidsretta, og investeringa er stor i høve til produksjonsomfanget.
- Investeringssaker der driftsplanen etter Regionsjefen sin vurdering ikkje syner tilfredsstillande lønsemd, eller der totaløkonomien for brukarfamilien blir for dårleg, eller det er vald ein unødig dyr byggeløysing.
- Byggesaka legg til grunn nydyrking, eller det manglar arealgrunnlag.
- Saker som ikkje er miljømessig forsvarleg, eller er i strid med gjeldande landbrukspolitikk og fastsette forskrifter, lover og rundskriv.

### **Tilskot ved generasjonsskifte**

5. *Generasjonsskifte:* Det kan gis tilskudd til personer under 35 år, som i forbindelse med overtagelse av landbrukseiendom trenger å gjennomføre mindre investeringer. Tilskuddet kan gis med inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag. Til kvinner kan det gis et tilskudd på inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.

Her ynskjer vi ikkje å avgrense på type produksjon. Det vil elles vera mogleg å legge inn i investeringa arbeid som elles har karakter av meir omfattande vedlikehald. Berre faste anlegg som er knytt direkte til den aktuelle produksjon (tradisjonell eller tilleggsnæringar) er aktuelle for stønad. Reine reiskapshus, garasjar og gardsverkstad vil ikkje bli prioritert for stønad.

Maksimalt kostnadsoverlag kan utgjera kr. 500.000. Tilskotsprosenten blir sett til maksimalt 40 % for alle grupper, og maksimalt tilskot kan såleis bli kr. 200.000.

### **Andre tiltak**

*Det kan i særlige tilfeller gis tilskudd til andre tiltak i tråd med formålet for midler til bygdeutvikling.*

*Tilskudd etter denne forskrift kan ikkje gis til:*

- å tegne andeler eller kjøpe aksjer i privat næringsvirksomhet*
- garantier*
- gjeldssanering eller løpende drift av bedrifter, eller*

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

- d) *tiltak på landbrukseiendommer som i sin helhet eies og drives av stat, fylke eller kommune.*

### 4.3 Brukar - alder - kjønn

I investeringssaker der søkjar er kvinne og eller ungdom under 35 år skal vi kunne prioritere eit tillegg i investeringstilskotet med opp til 3 %.

Kvinne må kunne definerast som hovudutøvar, der ho i felles verksemd med ektefelle eller sambuar får tildelt meir enn halvparten av felles driftsresultat.

#### **Prosjekt med særleg behov grunna svak økonomi i prosjektet**

I investeringssaker der søkjar har svak eigenkapital og stort investeringsbehov, skal vi kunne prioritere eit tillegg i investeringstilskotet med opp til 5 %.

Dette er saker der søkjar syner ein særleg dugleik og gjennomføringsevne og eller at prosjektet har eit stort nyskapande potensiale.

Regionsjefen vil ut frå saksframstillinga, overfor Bu -styret fremme fylgjande

#### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Bu – styret sluttar seg til hovudtrekka i forslag til bygdeutviklingsprogram med dei endingar som er innarbeidde i kapitel 4. Forslaget til program blir oversendt Regionrådet for Valdres for endelig vedtak.

Det blir teke atterhald om eventuelle endringar som må koma med bakgrunn i endringar i sentral forskrift.

#### **Bu – styret sin handsaming av saka:**

Knut Haalien reiste forslag om å endre prosentsats for investeringstilskot til investeringar i pelsdyrnærige frå 10 % og opp til 20 %.

Forslaget vart sett under avstemming og forslaget fall med stemmetallet 2 – 6.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

Styret drøfta elles avgrensingane for rentestøtteordninga. Her samla styret seg om å høgde avgrensinga slik at maksimalt lån kan utgjera kr. 2.000.000, tilsvarande ein godkjent kostnad på kr. 4.000.000.

### **VEDTAK:**

Bu – styret sluttar seg til hovudtrekka i forslag til bygdeutviklingsprogram med dei endingar som er innarbeidde i kapitel 4. Rentestøtteordninga skal avgrensast oppover slik at maksimalt lån kan utgjera kr. 2.000.000, tilsvarande ein godkjent kostnad på kr. 4.000.000.

Forslaget til program blir oversendt Regionrådet for Valdres for endelig vedtak.

Det blir teke atterhald om eventuelle endringar som må koma med bakgrunn i endringar i sentral forskrift.

.....

I **Regionrådets** møte vil BU –konsulent Aslag Hamre innledningsvis gi en kort orientering om hovedpunktene i bygdeutviklingsprogrammet.

Regionsjefen vil i tråd med BU –styrets vedtak overfor Regionrådet fremme følgende

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Regionrådet slutter seg til forslaget til bygdeutviklingsprogram med de endringer som er innarbeidet i kapitel 4, og til at rentestøtteordningen avgrenses oppover slik at maksimalt lån kan utgjøre kr. 2.000.000 – tilsvarende en godkjent kostnad på kr. 4.000.000.

Regionrådet tar forbehold om evt. endringer som måtte skje med bakgrunn i endringer i sentral forskrift.

.....

I møtet orienterte Aslag Hamre innledningsvis om hovedtrekk vedr. bygdeutviklingsprogrammet og uttalelsene til dette, og i løpet av debatten ble det fremmet følgende 2 endringsforslag:

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre , råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Regionrådet Regionrådet	BU-styret Regionrådet	Region Valdres Etnedal kommune	04.01.05 19.01.05

- a) Bjarne Lome foreslo følgende endring på side 17 i bygdeutviklingsprogrammet:  
"Det kan innvilges tilskudd på inntil 20% av godkjente kostnads-overslag til alle landbruksbaserte investeringer".

Dette forslaget ble nedstemt med 10 mot 2 stemmer.

- b) Knut Haalien fremmet forslag om følgende endring vedr. maksimalsatsene:  
"20% til pelsdyr"

Dette forslaget ble nedstemt med 8 mot 4 stemmer.

Deretter ble regionsjefens forslag satt under votering. Dette ble enstemmig bifalt og resulterte i følgende:

**VEDTAK:**

Regionrådet slutter seg til forslaget til bygdeutviklingsprogram med de endringer som er innarbeidet i kapitel 4, og til at rentestøtteordningen avgrenses oppover slik at maksimalt lån kan utgjøre kr. 2.000.000 – tilsvarende en godkjent kostnad på kr. 4.000.000.

Regionrådet tar forbehold om evt. endringer som måtte skje med bakgrunn i endringer i sentral forskrift.

sign.

Utskrift sendt til